



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd torsdag 04.09.25 kl.19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Kjersti J. Søreide, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.

Sissel Sørebo og Ingunn Østerbø på telefon.

Inge Brekke i jubileumsnemnda var med på første del av møtet der sak 35/25 vart drøfta.

Til opning las Ann Iren om NMS prosjektet som Sissel delte tankar om.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

11/25 Info frå fellesrådet : Terje og Kjersti var på synfaring på kyrkjegardane på nordsida i dag.

12/25 Universell utforming - toalett og rullestolrampe til Ortnevik kyrkje er no på plass.

13/25 Open kyrkje i Ortnevik; om lag 23 personar har skreve i gjesteboka i løpet av sommaren.

14/25 Tre kveldar med open kyrkje i Bjordal der Geir S. fortalde om kunsten i kyrkja. Tilsaman 17 personar som tykte dette var interessant; men synd at få fekk dette med seg.

15/25 Solidaritetsmarkering 7. august – kyrkjeklokkene i landet ringde for fred i Gaza.; dette vart også gjort i Bjordal og Ortnevik.

16/25 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- 17. mai : enkel festgudsteneste i Bjordal skule - ca 56 personar. I Ortnevik kyrkje - 43 personar.
- 15. juni dagsturhytta på Åsenutsikta på Søreide –21 personar. Kyrkjekaffi og grilling på bålpanne.
- Gudsteneste i Bjordal 20. juli –35 personar. Familiekor song og organistvikar Birk Sørebo Hauger spelte piano.
- Olsokgudstenestepå Sande 29. juli - 32 personar.
- Konfirmantpresentasjon i Bjordal 24. august - 24 personar.
- Song på Bygdetunet - 26 personar på første samling etter sommarferien.
- Andakt på Bygdetunet
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

Sakliste

Sak 34/25 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 14. mai.

Vedtak: Møteprotokoll frå 14. mai vart godkjent.

Sak 35/25 100 – års jubileet til Ortnevik kyrkje.

Program vart drøfta, og er framleis under utforming :

- Laurdag 4. okt. kl. 14 - seminar og samtale der temaet er tilhøve mellom næring, kultur og kyrkje hjå Ortnevik Tre.
kl.16- seminaret held fram i kyrkja
- Søndag 5. okt. kl. 12 - festgudsteneste. Servering av fiskesuppe/ betasuppe, kaffi og kaker.
- omvisning i bygda – lokale bedrifter.
- kl. 16.30 - jubileumskonsert med Sigrid Moldestad.

Vedtak: Terje avtalar mat til seminaret hjå Ortnevik Tre. Han tek hovudansvar for kontakt med dei personane som skal vere med på seminar/ paneldebatt. Terje snakkar med Geir Sørebo om presentasjon / sal av festskrift. Vi startar med å bestille 200 stk til a kr 200. Songgruppa frå Sørsida m/ Anders Brekke blir med på laurdagen, så høgtalaranlegget hans kan også brukast. Fiskesuppe blir laga lokalt i bygda. I tillegg bestiller Inger C. betasuppe; og pølse og brød til barna. Mona pyntar i kyrkja og lagar ei jubileumskake. I tillegg tek Kjersti kontakt med fleire personar som kan bake, og det blir kjøpt inn nokre ekstra kringler. Inger C. lagar plakat og det blir kunngjort på nett, beste frå Høyanger Sørside, omtale i avis m.m. Camilla tek kontakt med saniteten om å organisere mat i grendehuset, og Grendelaget hjelper med det praktiske; også telt ute. Camilla høyrer med biblioteket i Bjordal om lån av høgtalaranlegg (grendahuset). Det blir takkoffer til kyrkjelydsarbeidet på festgudstenesta, og billett til konserten med Sigrid Moldestad kan kjøpast på nett eller v/ inngang. Terje avtalar omvisning på kveiteoppdrettet mellom gudsteneste og konsert. Camilla held kontakt med jubileumsnemnda som møtes om ei veker tid. Det må vere ein vaskedugnad i kyrkja før jubileet. Soknerådet held kontakten.

Sak 36/25 Gudstenester og arrangement framover.

Vedtak: Kyrkjevert og kyrkjekaffi :

21. sept.- hausttakkefest på Massnes – Ingunn og Ann I. tek ansvar på kjøkkenet, og Ingunn bakar i tillegg to kaker.
Inger C. er leiar for dagen, og spør konfirmantane om å bli med på loddsal og matservering.

5. okt - festgudsteneste i Ortnevik

26. okt.- Bjordal – minnegudsteneste – Terje

7.des.- Bjordal – lysmesse, utdeling av bøker til barn – Kjersti

24. des - Ortnevik

24. des.- Bjordal

26. des - juletreff i Ikjefjord

Sak 37/25 Julekonserten i Ortnevik 14. desember

Vedtak: Camilla tek hovudansvar for konserten. Vadheim musikklag stiller dersom dei får tak i ny dirigent.
Elles nyttar vi dei lokale kreftene som vi har.

Sak 38/25 Stoff til neste Helgestunder.

Vedtak: Det er no bestemt at ein går ned til 3 utgåver i året. Frå sørsida blir kyrkjejubileet den store saka i julenummeret. Vi må hugse å ta mange bilder !

Sak 39/25 Inspirasjonssamling for sokneråd og bispedømerådet i Bjørgvin.

”Bjørgvinsamtalen” på Vassenden i Jølster 6. sept. med tema ”Guds miskunn i møte med ei uroleg verd”.

Vedtak: Sissel var påmeldt, men måtte melde avbud p.g.a. sjukdom.

Sak 40/25 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte vert torsdag 6. november kl. 19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.
Vi tek opp sak om klatrehortensia på muren v/ Bjordal kyrkje.

Camilla M. Ådland
Leiar

Ann Iren Østerbø
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor